

Forslag til mandat:

Fagleg vurdering av nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest 2006 - 2007

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF har i sak 96/06 vedtatt at det skal foretas ei evaluering av det nevrokirurgiske tilbudet i regionen. Evalueringa skal gjerast av internasjonale ekspertar.

Nevrokirurgi i Helse Vest RHF

Nevrokirurgi er i Helse Vest RHF organisert som ein høgspesialisert funksjon, jf styresak 105/05. Regionen har et befolkningsgrunnlag på ca. 950 000 innbyggjarar. Hovudfunksjonen med ein fullverdig nevrokirurgisk avdeling er lagt til Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF.

Styret i Helse Vest RHF har i tillegg vedtatt at det skal være eit akutt nevrokirurgisk tilbod i Stavanger samt ein del elektiv kirurgi, jf. samarbeidsavtalen inngått mellom Helse Bergen og Helse Stavanger (sjå under).

Samarbeidsavtalen (av 24.08.05) regulerer oppgåvefordelinga og systemansvaret mellom dei to nevrokirurgiske einingane. Samarbeidsavtalen legg opp til ei tett integrering av avdelingane. Styret har i sak 96/06 vedteke at avtalen mellom Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF om nevrokirurgi vert vidareført. Dette er stadfesta i føretaksmøte 1. desember 2006.

Mandat

Formålet med vurderinga er å sikre eit godt og likeverdig nevrokirurgisk tilbod til befolkninga på Vestlandet samla.

- Det skal gjerast ein fagleg gjennomgang av den nevrokirurgiske verksemda i Helse Vest, og organiseringa av denne på HF-nivå.
- Det skal gjerast ei brei vurdering av samarbeidsavtalen som grunnlag for oppgåvefordeling mellom føretaka.
- Utvalet skal beskrive medisinsk fagleg og teknologisk utvikling av det nevrokirurgiske fagområdet, grenseflater og avgrensing til andre fagområde, inklusive støttefunksjonar og framtidig personell- og utstyrsbehov.
- Det skal gjerast ei vurdering av om det er fagleg grunnlag for å dele opp verksemda for elektive craniotomier mellom dei to avdelingane i Bergen og Stavanger.
- Framlagte forslag til alternativ oppgåvedeling skal vurderast, jf. styresak D 06/107.

Helse Vest RHF koordinerer arbeidet. Evalueringa skal være ferdigstilt så snart som mogeleg, seinast innan 01.05.07

Utvalets samansetning:

Professor Lennart Person, Uppsala, Sverige
Sjefslege/docent Simo Valtonen, Åbo, Finland
Ledende overlæge, dr. med. Jannick Brennum, Glostrup, Danmark
NN, Universitetssjukhuset i Linköping, Sverige